

LEIK MED BØKER I TI ÅR

# bokLEK

FOR ALLE SKOLESTARTARANE I INNLANDET



BLI MED  
PÅ BOKLEIK!





## BOKLEIK-TURNÉ

Alle borna som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket der dei får møte ein av formidlarane i år.

Bokleik-forfattar i 2023 er HILDE HODNEFJELD. Under Bokleik-turneen reiser ho, saman med MARIANNE SUNDAL og KRISTINE HAUGLAND, rundt til alle folkebiblioteka i Innlandet og formidlar frå bildeboka Uppsa, som handlar om korleis det opplevast å få kjeft for noko ein ikkje gjer med vilje.

## LEIK MED BOKA

Bøkene til Hilde Hodnefjeld kan lånast på ditt lokale folkebibliotek. Alle barnehagar som deltek i prosjektet, får i tillegg eit eksemplar av boka «Uppsa». Forfattarmøte blir alltid best med eit publikum som er førebudd, så vi oppmodar barnehagane til å gå inn på boklek.no, der dei vil finne nyheiter, tips og idear til aktivitetar som kan gjennomførast i barnehagen og heime, før og etter besøket på biblioteket.

*Alle skolestartarar  
blir ynskt velkomne  
til eit møte med Hilde  
Hodneffeld og Uppsa.*



## FORMIDLARANE I ÅR


**HILDE HODNEFJELD** er illustratør og forfattar – og veldig kreativ! Ho er utdanna ved Statens handverk og kunstindustrihøgskule, linja for grafisk design og illustrasjon, hovudfag i teknig 1994. Under utdanninga var ho eit år i Paris på Art Décoratifs og eit halvt år på Islands kunst- og handverkskule. Hodnefjeld har sida 2010 vore tilknytta arbeidsfellesskapet ILLUSTRATØRENE. Ho har utgjeve fleire bildebøker for barn og har også illustrert ei lang rekke bøker for andre forfattarar.



**MARIANNE SUNDAL** er formidlar under Bokleik-turneen i 2023. Ho er forteljar og har dei siste sekstan åra arbeidd med forteljingar, førestillingar og kurs. Ho arbeider mykje med elevar og lærarar som vil lære seg å fortelje historier, og ho lagar også eigne førestillingar.



**KRISTINE HAUGLAND** har jobba som forteljar sidan 2003, og er med som formidlar under Bokleik-turneen i 2023. Med solo- og samarbeidsprosjekt har ho turnert og opptrødd for tusenvis av born, unge og voksne i gymsalar, klasserom, litteraturhus og scener, på alt frå Den norske Opera til ein halmball i eit fjøs før jul.



## BOKLEIK I 10 ÅR

Bokleik er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival, Innlandet fylkesbibliotek og alle folkebiblioteka i Innlandet. Prosjektet blir støtta av Eidsiva. Målet med prosjektet er å skape positive litteraturopplevingar for alle skolestartarar i fylket. Prosjektet starta opp i 2014, så i 2023 er det 10. gongen vi inviterer til Bokleik. Dei siste åra har over 3000 born delteke på Bokleik og blitt invitert med til å oppdage boka gjennom å lytte, teikne, diktne, fortelje og skape.

**BOKLEIK  
ER STØTTA AV:**

**Eidsiva.**

